

Alle i fjellgruppa redda trygt ned frå Ulvanoso

26.08.2012



Helikopteret som gjorde ein imponerande jobb kan skimtast i mørkret.

Alle dei 6 personane i fjellgruppa vart redda trygt ned frå Ulvanoso i 00.30 tida i natt. Eit Sea King helikopter frå redningssentralen vart omdirigert og sendt til Uskedalen for oppdraget. Landingsplassen var Nedre Feet i sentrum av bygda.

Politiet og ambulansen var på plassen. Det same var representantar frå Kvinnherad Turlag. Uskedalen.no snakka med nokre av dei som var i turfylgje. Dei var alle takksame for hjelpa, og at dei no er trygt nede frå ein lang og krevjande tur i Ulvanoso. Etter ei debreefing med politiet, vil alle snart vera heime i sine bygder.

Tekst: Kristian Olav Bringedal

Foto: Thor Inge Døssland